



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4149 - 17/26032

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.09.2017

Førebels svar på søknad om mellombels bruksløyve for seksmannsbustad - gbnr 137/188 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.08.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. pbl § 21-10 og byggesaksforskrifta (SAK) § 8-1. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Tidspunkt for ferdigstilling av tiltaket.
- Stadfesting på at tiltaket har tilstrekkeleg tryggleiksnivå.
- Ferdigmelding på rørleggararbeidet, jf godkjend rørleggarmelding datert 08.01.2016 for seksmannsbustaden.

Vi gjer merksam på at før det vert gitt mellombels bruksløyve for seksmannsbustaden må det liggja føre mellombels bruksløyve/ferdigattest for infrastruktur og rekkjefølgjekrav i planen må vera oppfylt. Søknad om mellombels bruksløyve for infrastruktur er under handsaming.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.10.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bolig & Eiendom AS
Teknisk drift

Stølen 26

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN